Vegnummer: Fv 402
Kommune: Lindås
Grunnervervsprosjekt:
Prosjektnummer:
Saksnummer (Lindås kommune): 16/2778 - 16/23609
Sakshandsamar: Irene Wilhelmsen

# Kjøpekontrakt

**Kjøpar:**
Hordaland fylkeskommune ved Statens vegvesen Region vest
ved Lindås kommune

**Seljar:**
Harald Emil Markussen, eigar av gnr. 172, bnr. 56 i Lindås kommune
Adresse: Oteråsen 28A, 5914 Isdalstø

## 1. Kontrakten gjeld

Seljar avstår nødvendig grunn for motfylling til støtte av vegmur langs Fv 402 Lurevegen på eigedom med gnr. 172, bnr. 56.

Avståinga går fram av vedlagt teikning på side 5 i kjøpekontrakten. Kartvedlegget er ikkje målestokkriktig og måla er omtrentlege mål.

Permanent avstått areal er vist med grøn farge, og utgjer om lag 85m². Midlertidig disponert areal er vist med gul farge, og utgjer om lag 78m$^2$.
Delar av det midlertidig disponerte arealet kan gå inn i permanent avstått areal dersom ein møter uforutsette forhold.
Dei oppgitte areala er foreløbige og avvik kan forekomme. Det vert utført oppmåling og kartforretning etter avslutta arbeid.

Dersom ikkje anna er avtalt, avstår seljaren grunnen med alle påståande innretningar, vegetasjon med vidare.

Overskotsmassar som ikkje inngår i motfylling, vert levert på tipplass. Tipplass går fram av vedlagt skisse side 6.
Lindås kommune ynskjer å presisere at om massane er tenkt brukt til å bygge veg mellom fv402 og fritidsbygg, er vegen søknadspliktig med tanke på avkøyrselløyve mot fv402. Vegmynde fv er Statens vegvesen.

For informasjon ligg kabeltrase over eigedom gnr. 172, bnr. 56 vedlagt side 7.

## 2. Erstatning

## 2. Erstatning

Partene er einige om denne erstatninga:

Erstatning for avstått grunn i samband med motfylling ved fv402, er å få fjerne vegetasjon langs fv402 på eigedom med gnr.172, bnr.56.
I tillegg får grunneigar, dersom det er noko att, overskotsmassar som ikkje inngår i motfyllinga. Overskotsmasser vert levert på avttala tipplass (skisse side 6).

a) Deloppgjer

Det vert ikkje utbetalt deloppgjer då det etter avtale er einast om at erstatning for grunn er å fjerna vegetasjon langs fv402 samt tilkøyring av overskotsmasse til avtalt tipplass.

b) Rund sum

Dersom erstatninga er avtalt som rund sum (RS), skal Statens vegvesen betale erstatninga når kontrakten er underskriven av begge partar. Dersom utbetalinga ikkje skjer innan 4 veker, skal Vegvesenet betale renter, jf. punkt c) nedanfor.

c) Rentefot

Partane set rentefoten til 3,5 % flat rente per år.

d) Atterhald om panthavarar

Lindås kommune tek atterhald om at eventuelle panthavarar må gi samtykke til at erstatninga kan utbetalast. Det er kommunen som innhentar dette samtykket.

## 3. Spesielle kontraktsvilkår

a) Fjerne vegetasjon.

Kjøpar skal fjerne vegetasjon på eigedomen som ligg langs med fv402.

b) Overskotsmasse.

Kjøpar skal tippe overskotsmasse på tipplass synt på vedlagt kartutsnitt side 6.

c) Tilbakeføring av midlertidige disponerte arealer

Areal som vert erverva midlertidig, merka gult på vedlagte kart, forpliktar kjøper seg til å levera attende etter at veganlegget er ferdigstilt og nøyaktig oppmåling er utført.
Området skal leverast attende i vesentleg same stand som det hadde før anleggsperioden.

## 4. Generelle kontraktsvilkår

Desse generelle kontraktsvilkåra gjeld dersom ikkje anna er avtalt i punkt 3.

a) Kva erstatninga skal dekkje
I tillegg til sjølve avståinga skal erstatninga dekkje alle skadar og ulemper som avståinga, veganlegget og drifta av vegen i framtida vil føre med seg. Særlege skadar som måtte oppstå som følgje av anleggsdrifta, er haldne utanfor og vil bli behandla uavhengig av denne kjøpekontrakten.

b) Avståing
Mindre avvik i avstått areal må påreknast. Der ikkje anna er oppført i punkt 3 skal veggrunn avståast til om lag 1 meter frå fyllingsfot, skjeringstopp eller grøftekant, eller minst 3 meter frå vegkant. Dersom det oppstår avvik vert utbetaling justert i samsvar med punkt 2 bokstav a.

c) Flytting av gjerde og andre innretningar
Eventuell frist for å flytte gjerde eller andre innretningar som seljaren skal behalde, er oppført i punkt 3. Seljaren skal plassere gjerdet etter tilvising frå Lindås kommune og Statens vegvesen.

d) Leidningar
Lindås kommune og Statens vegvesen utfører og betaler for nødvendig omlegging av lovleg plasserte leidningar. Det gjeld likevel ikkje dersom løyvet til å leggje leidningane er gitt på spesielle vilkår. Omlegginga fører ikkje til nokon endringar når det gjeld ansvaret for leidningane.

e) Avkøyrslar og tilkomstforhold
Eventuelle endringar i avkøyrslar eller tilkomstforhold går fram av planteikningane eller er oppførte under punkt 3. Lindås kommune og Statens vegvesen har ikkje ansvar for å vedlikehalde avkøyrslar eller tilkomstvegar i framtida.

f) Tiltreding av eigedommen
Lindås kommune og Statens vegvesen kan ta grunnen i bruk (tiltre eigedommen) når denne kontrakten er underskriven av begge partar.

g) Registrering i det offentlege eigedomsregisteret – matrikkelen
Lindås kommune sender beskjed til Statens vegvesen om at kontrakten er inngått og registrerer kontrakten i matrikkelen (jf. matrikkellova § 22). Registreringa blir fjerna frå matrikkelen når oppmålinga og matrikkelføringa er fullført.

h) Tinglysing
Denne kontrakten kan tinglysast på eigedommen gnr. 172 bnr. 1. Kontrakten kan ikkje slettast utan samtykke frå Lindås kommune og Statens vegvesen. Lindås kommune er ansvarleg for kostnadene ved tinglysinga.

## 5. Underskrifter

Denne kontrakten er underskriven i 2 eksemplar, eitt til kvar av partane.

**Seljar:**

Knarvik 19.09.2016
..............................................................
Stad/dato

..............................................................
Harald Emil Markussen

[redacted]..........
Fødselsnummer/organisasjonsnummer

[redacted]..........
Bankkontonummer til seljaren

**Kjøpar:**

Knarvik 23.09-16
..............................................................
Stad/dato

..............................................................
Atle Dingen (einingsleiar teknisk drift)
For Lindås kommune

935 084 733
Organisasjonsnummer


34
33
85m2
78m2
172 / 56
0
10m
Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
Lindås kommune
Geodata avdeling
Gbnr: 172/56
Lurevegen
N
1:300


172 / 56
Tipplass
17
0
10m
Andre bygg
Beliggenhet og høyder må oppfattes som orienterende.
Lindås kommune
Geodata avdeling
Tipplass 172 / 31
N
1:300

Side 6 av 7




| BKK Gravemelding T: 99 59 82 17 | Målestokk: 1: 500 | Utskriftsdato: 15.08.2016 Gyldig 1 mnd. | Oversiktskart og trasekart strømnett | N |
|---|---|---|---|---|
| | | | Gravemelding nummer: 33538 | |